

Saksbehandlar: Helle Selseng, Administrasjon og innovasjon
Sak nr.: 21/759-5

Interkommunal avtale - pedagogisk-psykologisk teneste - PPT og kjøp av logopeditenester mellom Aurland, Luster, Sogndal og Vik kommunar

**Rådmannen rår formannskapet til å gje slik tilråding:
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogndal kommune vedtek avtale om samarbeid om pedagogisk-psykologisk teneste mellom Aurland, Luster, Sogndal og Vik kommunar slik den ligg føre.
2. Sogndal kommune vedtek avtale om kjøp av logopeditenester mellom Aurland, Luster, Sogndal og Vik kommunar slik den ligg føre.

Vedlegg:

1. Avtale om samarbeid om pedagogisk-psykologisk teneste mellom Aurland, Luster, Sogndal og Vik.
2. Avtale om kjøp av logopeditenester mellom Aurland, Luster, Sogndal og Vik
3. Vedtak Luster kommunestyre

SAKSFRAMSTILLING

1. Innleiing

For dei avtalane/interkommunale samarbeida der Sogndal kommune er vertskap har det over lengre tid vore drøftingar for å få på plass nye avtalar. På grunn av samanslåinga vart dei tidlegare avtalane sagt opp. Etter kommunereforma har avtalane og prinsippa som ligg til grunn vore drøfta med mål om nytt avtaleforslag

Det er gjort eit arbeid med å få alle avtalane inn i felles form og disposisjon, samt tilpassa ny kommunelov. Vidare har det vorte lagt vekt på at det skal vere gode rapporteringsordningar for oppfølging og utvikling av alle dei ulike samarbeida. Fordelingsnøklar har vore diskutert og drøfta inngåande for alle samarbeid og det er noko ulikt kva for fordelingsnøklar ein har landa på i dei ulike avtalane. I tidlegare avtalar har det vore ulik praksis når det gjeld husleige. I nye avtaleforslag er det skissert ein felles sats på kr 2.200,- per kvm. inkl. FDV. Ein legg vidare til grunn staten si arealnorm med 23 kvm per tilsett/kontorarbeidsplass.

Når det gjeld administrasjonskostnadar har det også vore ulik praksis i dei tidlegare

avtalane. Administrasjonskostnad skal dekke personal, økonomi, sak arkiv, post, osv. Det er i dei nye avtaleforslag definert til 4 % av lønsutgiftene i avtalen.

I saka er det framlegg til ny avtale om felles PP- og logopedi- teneste mellom Aurland, Sogndal, Vik og Luster kommunar.

2. Bakgrunn for saka

Etter opplæringslova § 5-6 skal kvar kommune ha ei pedagogisk-psykologisk teneste. Denne tenesta kan etter same føresegn organiserast i lag med andre kommunar eller fylkeskommunen. Tenesta skal hjelpe skulen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Den pedagogiskpsykologiske tenesta skal sørge for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det.

Sogn PPT møte krava i opplæringslova for barn, ungdom og vaksne med særlege behov i utdanningsløpet. Sogn PPT samordnar også logopeditenesta for samarbeidskommunane.

Sogndal kommune har også før samanslåinga vore ein del av den felles pedagogisk-psykologisk tenesta, Sogn PPT. Samarbeidet er organisert som eit vertskommunesamarbeid etter kommunlova. Tidlegare var fylkeskommunen ein del av Sogn PPT, men etter etableringa av Vestland fylkeskommune trekte dei seg ut av samarbeidet.

Det er etablert eit fagleg administrativt samarbeidsorgan samansett av to representantar frå kommunane som har to årlege møte. Organet er rådgjevande. Sogn PPT vert evaluert ein gong kvart år gjennom drøftingar i dette samarbeidsorganet.

Fordelingsnøkkelen i Sogn PPT har vore på 25% fast del for kommunane og 75 % ut frå tal born 0-15. Dette er vidareført.

For logopedi har det vore ein rein tenestekjøpsavtale der kommunane har betalt for den stillingsressursen dei har kjøpt/disponert frå Sogndal.

3. Vurderingar og konsekvensar

Kommunane har etter opplæringslova plikt til å ha ei pedagogisk-psykologisk teneste. Rådmannen vurderer dette som oppgåver som er godt eigna for interkommunalt samarbeid.

Innhaldet i ny avtale er samsvarande med tidlegare. Begge avtalane har oppsett som er standardisert og gjort likt med dei andre interkommunale avtalane.

For begge avtalane er fordelingsnøklar frå tidlegare vidareført. For logopedi er det ikkje fast del, her er det uttak/bruk av stillingsressurs som vert fordelinga. Norm for husleige og administrasjonskostnad som skissert over. For logopedi har ikkje administrasjonskostnad lege til avtalen tidlegare.

Det ligg ikkje føre budsjettframlegg for 2021 basert på nye avtalar.

Det er som i dei andre avtalane lagt vekt på å styrka rapporteringa, her er òg eit formelt

samarbeidsorgan.

Sidan starten har samarbeidet og oppgåveløysinga i all hovudsak fungert godt, med unntak av ein periode med langtidssjukefråvær som har vore utfordrande for tenesta.

Dei andre kommunane i samarbeidet er positive til fortsatt samarbeid for å løyse tenesta slik den er organisert i dag. Alle dei andre samarbeidskommunane har vedteke og signert avtalen slik den ligg føre.

4. Konklusjon

Rådmannen si vurdering er at dette er eit tenestemråde som er godt egna for interkommunalt samarbeid og situasjonen i tenesta er god. Sogndal kommune har gode føresetnader for å kunne fortsetje som vertskommune for tenesta.

Rådmannen tilrår at vedlagt samarbeidsavtale vert godkjent slik den ligg føre.